

Eksamen

15.11.2019

LGA2002 Forvaltning og drift / Forvaltning og drift

Programområde: Landbruk og gartnarnæring/Landbruk og gartnarnæring

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>I denne oppgåva blir det lagt vekt på at du kan:</p> <ul style="list-style-type: none">• gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap• forklare korleis noko heng saman, gjere greie for løysingar• bruke kunnskap/teori• vurdere ein situasjon, setje løysingar opp mot kvarandre (drøfte)• analysere deg fram til løysingar, grunngje val du gjer• gjere greie for konsekvensar av vala dine osv. <p>Den endelege vurderinga av eksamenssvaret skal vere ei heilskapleg vurdering av den samla presentasjonen din</p>

Case for oppgåva:

Kristina og Nils har nettopp overteke garden til Nils sine foreldre. Dei har to barn som er 5 og 13 år gamle. Nils er snikkar, og Kristina er agronom og rekneskapsfører.

Garden dei har overteke har desse ressursane:

- 100 dekar fulldyrka jord
- 50 dekar innmarksbeite
- 4000 dekar utmark, av dette 200 dekar produktiv skog.
- Det er ei hytte, som ligg på fjellet. Den høyrer garden. Det er bra jaktterreng for småvilt og storvilt.
- Det er vanskeleg å leige meir jord i området
- Driftsbygning for 10 melkekyr og 30 årspurker med slaktegrisavdeling, er frå 1983.

Reiskapshus og bustadhus er i bra stand.

Det er ei gardssag på garden.

Kor i Noreg garden ligg, og øvrige opplysningar du treng for å løyse oppgåvene nedanfor, må du forutsetje sjølv.

Oppgåve 1

Nils og Kristina diskuterer om dei skal utvikle driftsforma dei har i dag, eller legge om til andre driftsformer. Ein føresetnad er at all dyrka mark på garden skal drivast.

Gjer eit grunngjeve val av framtidig driftsform, og omfang av ordinær jordbruksproduksjon på garden.

Oppgåve 2

Foreslå eit nytt produkt på garden, med berekraftig bruk av tilhøyrande naturressursar.

Oppgave 3

Kristina ønskjer å vidareutvikle produktet beskrive i oppgåve 2. For å få støtte til dette lagar ho seg si eiga bedrift.

- a) Forklar hensikta med ein forretningsplan og kva den skal innehalde
- b) Gjer greie for gangen i ei bedriftsetablering
- c) Beskriv ulike former for eigarskap og eigeformer og grunngje kva eigarform Kristina bør velje
- d) På sikt kan det hende at Kristina ønsker å tilsette fleire i bedrifta si. Ho vil da vere leiar. Gjer greie for krav til profesjonell arbeidsleiing.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven blir det lagt vekt på at du kan:</p> <ul style="list-style-type: none">• gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap• forklare hvordan noe henger sammen, gjøre rede for løsninger• anvende kunnskap/teori• vurdere en situasjon, sette løsninger opp mot hverandre (drøfte),• analysere deg fram til løsninger, begrunne valg du gjør• gjøre rede for konsekvenser av valgene dine osv. <p>Den endelige vurderingen av besvarelsen skal være en helhetlig vurdering av den samlede presentasjonen din</p>

Case for oppgaven:

Kristina og Nils har nettopp overtatt gården til Nils sine foreldre. De har to barn 5 og 13 år gamle. Nils er snekker, og Kristina er agronom og regnskapsfører.

Gården de har overtatt har følgende ressurser:

- 100 dekar fulldyrket jord
- 50 dekar innmarksbeite
- 4000 dekar utmark, herav 200 dekar produktiv skog.
- Det er en hytte, som ligger på på fjellet. Den tilhører gården. Det er bra jaktterreng for småvilt og storvilt.
- Det er vanskelig å leie mer jord i området
- Driftsbygning for 10 melkekyr og 30 årspurker, med slaktegrisavdeling, er fra 1983.

Redskapshus og bolighus er i bra stand.

Det er en gårdssag på gården.

Hvor gården ligger i Norge, og øvrige opplysninger du trenger for å løse oppgavene nedenfor, må du forutsette selv.

Oppgave 1

Nils og Kristina diskuterer om de skal utvikle dagens driftsform, eller legge om til andre driftsformer. En forutsetning er at all dyrka mark på gården skal drives.

Gjør et begrunnet valg av framtidig driftsform, og omfang av ordinær jordbruksproduksjon på gården.



Oppgave 2

Foreslå et nytt produkt på gården, med bærekraftig bruk av tilhørende naturressurser.

Oppgave 3

Kristina ønsker å videreutvikle produktet beskrevet i oppgave 2. For å få støtte til dette lager hun seg sin egen bedrift.

- a) Forklar hensikten med en forretningsplan og hva den skal inneholde
- b) Gjør rede for gangen i en bedriftsetablering
- c) Beskriv ulike former for eierskap og eieformer og begrunn hvilken eierform Kristina bør velge
- d) På sikt kan det hende at Kristina ønsker å ansette flere i bedriften sin. Hun vil da være leder. Gjør rede for krav til profesjonell arbeidsledelse



www.vigoiks.no/eksamen